



# Konfirmant 2025

Påmelding [www.kyrkja.no/fjell/konfirmant](http://www.kyrkja.no/fjell/konfirmant)

Infomøte om konfirmantåret torsdag 13. juni kl. 19  
i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje



# Du er velkommen som konfirmant i kyrkja!

I konfirmasjonstida møter vi nokre av dei største og viktigaste spørsmåla: Kven er Gud? Kva vil Gud? Kva betyr det for meg?

Om du er ein som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig – du er velkommen som konfirmant! I konfirmasjonstida får du utforske mange viktige spørsmål saman med andre – uansett kva utgangspunkt du har.

Vi vil legge til rette for at alle som ønsker det skal kunne vere konfirmantar. Du kan lese meir om det på side 7.

Vi i konfirmantteamet gler oss til eit nytt konfirmantår og håpar å bli kjend med nettopp deg!

I dette heftet får du eit lite innblikk i konfirmantåret.

Vil du vite meir om konfirmantåret, kom på informasjonsmøte i Fjell, Foldnes eller Landro kyrkje torsdag 13. juni kl. 19.00.

## **Du treng ikkje vere døypt for å melde deg på konfirmantåret**

Du kan bli med, bli kjend med trua, og velje å bli døypt undervegs. Du må vere døypt om du skal bli med på konfirmasjonsdagen. Kvart år har vi dåpskurs og dåpsgudsteneste for konfirmantar som vil bli døypt.



# Konfirmasjonsdatoar 2025

## Fjell kyrkje

- 3. mai: Kolltveit og Knappskog krins
- 4. mai: Skålevik, Tellnes og Ulveset krins

## Foldnes kyrkje

- 10. mai: Brattholmen og Bjorøy krins
- 11. mai: Foldnes og Hjelteryggen krins

## Landro kyrkje

- 10. mai: Landro og Misje krins
- 11. mai: Ågotnes og Spjeld krins



# Eit år med mykje innhald

Som konfirmant vil du bli betre kjent med dei ulike ungdomsgruppene i kyrkja. Mange av konfirmantane reiser óg på leir. Det får du høyre meir om på T14.

På våren er alle konfirmantane med på Fasteaksjonen; Kirkens nødhjelp sin innsamlingsaksjon. Her får du vere med å gjere ein forskjell i ei urettferdig verd! Alle konfirmantane er med på å gå dør-til-dør med bøsser, og samlar inn pengar til Kirkens nødhjelp sitt arbeid for ei meir rettferdig verd.

I løpet av året får du óg delta på ein del gudstenester i kyrkja di, og bli kjent med alt det som skjer i kyrkja i løpet av veka.

Alle samiske konfirmantar er velkommen til å delta på Samisk konfirmantleir i tillegg til det ordinære opplegget. Sjå meir på [kyrkja.no/samisk](http://kyrkja.no/samisk)



# Konfirmantsamlingar i kyrkja

Gjennom konfirmantåret får du både lære om og oppleve viktige deler av den kristne trua, og finne svar på store spørsmål.

Kven er eg?


Kva betyr det å vere døypt?

Korleis er Gud?

Kan Bibelen vere sann?

Kvifor feirar vi påske?

Har Jesus verkeleg levd?






# Konfirmasjon for alle!

Vi vil legge til rette slik at alle som ønsker det, kan vere konfirmantar.

Det kan vere mange ulike grunnar som gjer det vanskeleg å følgje det ordinære opplegget. Om det er utviklingshemming, funksjonshemming, sosiale vanskar, sjukdom eller anna, ta kontakt. Saman finn vi ei god løysing for di konfirmasjonstid!

Ulik tilrettelegging kan vere mindre grupper, 1-til-1-undervisning, tilrettelegging av materiell eller undervisningsrom, nettkonfirmantopplegg.

Døvekyrkja har eige tilbod med undervisning på teiknspråk i teiknspråkmiljø for deg som er døv/ høyrselshemma. Sjå meir på [dovekirken.no](http://dovekirken.no)



# Påmelding til konfirmantåret

[www.kyrkja.no/fjell/konfirmant](http://www.kyrkja.no/fjell/konfirmant)

Alle som vil vere konfirmantar må melde seg på.

**Frist for påmelding: 1. august**

Meir info om konfirmantåret 2025 på nettsida

[www.kyrkja.no/fjell/konfirmant](http://www.kyrkja.no/fjell/konfirmant)

eller ta kontakt med kyrkjelydspedagog Beate Sørhus

på e-post [bs845@kyrkja.no](mailto:bs845@kyrkja.no) eller tlf. 920 89 740



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellestråd